



Høringsuttalelse (KF-340)

Referansenummer: FNJJJDJ

Registrert dato: 23.10.2017 23:50:54

Innledning	
Uttalelsen gis	
<input checked="" type="radio"/> Personlig <input type="radio"/> På vegne av foretak/lag/forening	
Opplysninger om innsender	
Fornavn	
Hilde og Lars	
Etternavn	
Alvær Hagesæter	
Adresse	
Apalen 16	
Postnummer	Poststed
5915	HJELMÅS
Telefon	
E-post	
lars@kalasbygg.no	

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse
Velg høringsuttalelse:
<input checked="" type="checkbox"/> Alkoholpolitisk plan

Uttalelse

Me opplever situasjonen omkring skjenking i Storstova som ei heilomvendig som er vanskeleg å forstå. I alle år fra hausten 2008 til Storstova stod ferdig i april 2017 har dette vore ei ikkje sak og me har forhalde oss til at det vert lik behandling her som i andre hallar. Dette har også våre komunisert frå kommunen og fronta på kommunen sine nettsider kor det har stått at "Hallane er også tilgjengelege for utleige til kommersielle aktørar. Det er mogleg å søkje arrangement med ambulerande skjenkeløyve i fleir brukshallane».

For oss handlar dette om moglegheit til å ta lokale stader i bruk ved arrangement av ulike størrelsar. Det være seg feiring av jubileum og ulike markeringar. I jobb samanheng kan markering ved pensjonsalder, kjedesamlingar og bedriftinterne arrangement vera aktuelle. Det kunne også være aktuelt å arrangere mindre messer og utsillingar på ein slik plass. Me er også godt representert i det lokale kulturlivet som har ein serie større og mindre arrangement som kunne vore arrangert her. Desse arrangementa er ikkje "fyllefestar" men det føl som regel eit glas vin eller to til maten - det framstår som heilt naturleg i slike samanhengar. For ein god del av arrangementa som kulturlivet har er "bi-inntektene" frå salg av mat / vin ei heilt naudsynt inntektskilde.

Det er over tid bidratt med til dels store summar frå bygdefolket og det lokale næringslivet utifrå ein forventning og lovnad om at ein skulle få ein hall på lik linje med Lindås og Nordhordlandshallen - dette har som tidlegare nemnt vore komunisert klårt frå kommunen og det framstår difor som svært uheldig om ein endar opp med at det ikkje vert slik.

Ein ser sjølvsagt at det bør praktiserast ei ryddig og grei handtering av skjenkeløyve, her som andre plassar, men det er me sikker på at kommunen kan handtera på ein god måte. Det verkar som eit meir ryddig og riktig tiltak en å i utgangspunktet sei nei til alt. Slike "faste" og "harde" nei førar ofte med seg at skjenking skjer under liten eller ingen regulering i ulike forsamlingshus og andre lokaler - dette er på mange måter det motsatte av det ein prøver å oppnå med alkoholpolitisk plan og ein liten ynskjeleg situasjon for alle.

Når ein i tillegg veit at det ikkje er noko til hinder i opplæringslova eller andre stader for å tillate skjenking i Storstova

meiner me sterkt at det må opnast for mogleheten til å søkja om skjenkeløyve også her, ikkje berre i dei andre hallane. Først og fremst for å sikra at bygget får den intensjonen det har hatt sidan fyrste dag slik at det tjenar alle i bygda, og også for å sikra at kommunen sine innbyggjarar kan forventa lik behandling i like saker anten dei bur på Lindås, i Knarvik eller på Leknes.

Me er sikker på at alle dei som eventuelt søker om og får skjenkeløyve gjennomførar på ein ryddig og grei måte slik at deira arrangement vert slik dei ynskjer - akkurat som me er sikker på at dei som ikkje ynskjer skjenking gjer det same. Då har ein - etter vårt syn - oppnåd ryddige, kontrollerte og forutsigbare forhold omkring skjenking samstundes som enkeltmenneske / grupper sin valfridom vert ivaretaken.